

FORVENTA PENSJONERINGSALDER OG YRKESAKTIVITET

Av: Oddbjørn Haga

Samandrag

Stadig fleire kombinerer arbeid og pensjon, og det er ikkje lenger fullt samsvar mellom når folk tek ut pensjon og når dei sluttar i arbeid. NAV publiserer difor indikatorar for både pensjoneringsåtferd og for sysselsetjing.

Forventa yrkesaktivitet er ein indikator for å måla lengda på yrkeskarrierar basert på yrkesaktiviteten i einskilde år. Ein 15-åring i 2013 kunne forventa ein yrkeskarriere tilsvarande 31,2 årsverk. Dette er ein auke på 0,2 år frå året før, og 1,6 år høgare enn i 2001. Ein 50-åring i 2013 kunne forventa å vera yrkesaktiv i 11,3 år til. Dette er ein auke på 0,1 år frå 2012 og 1,7 år frå 2001.

Medan yrkesaktiviteten totalt sett har gått noko ned frå 2008, har den auka for eldre arbeidstakarar. Yrkesaktiviteten etter 50 år er no den høgaste sidan 2001. I IA-avtala var eit av måla at forventa yrkesaktivitet ved 50 år skulle forlengjast med 6 månader frå 2009 til 2013. Auken blei 4,6 månadar. Det var likevel fem fylke der målet blei nådd: Rogaland, Troms, Sør-Trøndelag, Sogn og Fjordane og Nordland.

Det var ein stor nedgang i forventa pensjoneringsalder frå 2010 til 2011. Dette kom av at fleire har teke ut uførepensjon, særleg i alder under 50 år, og av innføring av fleksibel alderspensjon med høve til å ta ut alderspensjon frå 62 år. Dei to siste åra har vi hatt ein auke.

Forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år i 2013 var 63 år. Det er 0,7 år lågare enn i 2010.

Forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 år i 2013 var 60 år, også ein nedgang med 0,7 år frå 2010. Langt fleire arbeidde ved sida av pensjonen i 2013 enn i 2010.

Innleiing

NAV presenterer i denne artikkelen oppdaterte tal for to indikatorar for pensjoneringsåtfærd og for sysselsetjing blant eldre:

- Forventa pensjoneringsalder
- Forventa yrkesaktivitet

Forventa pensjoneringsalder seier ved kva alder ein kan forventa at personar som enno ikkje har teke ut pensjon i ein gitt alder i eit gitt år vil ta ut pensjon, dersom pensjoneringsåtfærda held seg som i dag.

Forventa yrkesaktivitet seier kor mange årsverk ein kan forventa at ein person ved ein gitt alder vil bidra med i arbeidslivet framover. Forventa yrkesaktivitet er ikkje vilkårsbunden til at personen framleis er i arbeid. For dokumentasjon av metodane, sjå Haga (2013).

Færre sysselsette til å forsørgja kvar pensjonist

Då folketrygda vart innført i 1967, var det vel 3,5 sysselsette for kvar alders- og uførepensjonist. I 2013 hadde dette talet falle til 2,4. Når fleire frå dei store etterkrigskulla går av med pensjon og skal forsørgjast av mellom anna dei små fødselskulla frå slutten av 1970-talet og starten av 1980-talet, vil talet minka endå meir. Utan pensjonsreforma reknar vi med at talet på sysselsette per pensjonist ville ha falle til 2,0 kring år 2030 og til 1,7 i år 2060 (Christensen m.fl. 2012). Den kraftige auken i forsørgingsbøra dei siste tiåra kjem av fleire ulike tilhøve:

- Auke i forventa levealder: Forventa levealder ved fødselen har auka frå 74 år i 1967 til 82 år i 2013, og forventa attståande levetid for 67-åringar har i same periode auka frå 14 år til 18 år.¹
- Alderen når folk kjem inn i arbeidslivet har auka som følgje av at fleire tek høgare utdanning. I 1970 hadde 78 prosent av 25-årige menn inntekt over halvparten av gjennomsnittsløna i Noreg. I 2012 gjaldt dette berre 59 prosent. Dette er ein grov indikasjon på prosentdelen som har arbeid som hovudinntektskjelde ved 25 år. I 1980 var det dessutan berre 20 prosent av folkemengda i alderen

30–39 år som hadde avslutta høgare utdanning, medan tilsvarande tal i 2012 var på 46 prosent.²

- Alderen ved avgang frå arbeidslivet har minka som følgje av høgare uttak av uførepensjon, innføringa av avtalefesta pensjon (AFP) i 1989 og som følgje av at den allmenne pensjonsalderen vart sett ned frå 70 år til 67 år i 1973. 49 prosent av 66-årige menn hadde inntekt over halvparten av gjennomsnittsløna i 1970, medan berre 33 prosent hadde det i 2012. Dette er ein grov indikasjon på prosentdelen som har arbeid som hovudinntektskjelde ved 66 år.

I motsett retning dreg at kvinneleg yrkesdeltaking har auka kraftig dei siste tiåra og medverka til fleire sysselsette. Prosentdelen sysselsette kvinner i alderen 15–74 år auka frå 44 prosent i 1972 til 66 prosent i 2013.³

Talet på sysselsette per pensjonist er lite tenleg som ein indikator på om ein lukkast i arbeidsmarknads- og pensjonspolitikken. For det fyrste skuldast dette at demografi i stor grad påverkar dette måltalet. Talet på sysselsette som del av folkemengda i yrkesaktiv alder vil og på tilsvarande vis påverkast av storleiken på dei einskilde årskulla, og denne typen måltal vil vera vanskelege å samanlikna over tid.

Når mange fleire enn før held fram i arbeid etter at dei har teke ut pensjon, kan ein ikkje skilje klart mellom yrkesaktive og pensjonistar. Betre tilgang til vidareutdanning og omskolering, og fleksible løysingar for å kombinera omsorg for barn med arbeid, gjer at ein dessutan i mindre grad enn før kan definera lengda på ein yrkeskarriere ut frå ein klart definert startdato og sluttdato

Fleire kombinerer arbeid og pensjon

Frå 2008 vart det mogeleg for 67-årige alderspensjonistar å kombinera arbeid og pensjon utan at pensjonen vart avkorta, og i 2009 og 2010 vart ordninga utvida til også å gjelde 68- og 69-åringar. For

¹ Kjelde: Statistisk Sentralbyrå (SSB), Statistikkbanken tabell 05 375 (se <http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/>).

² Kjelde: SSB, Statistikkbanken tabell 08 921 (se <http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/>).

³ Kjelde: SSB, Statistikkbanken tabell 05 111 (se <http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/>). For 1972 refererer tallet til aldersgruppen 16–74 år.

IA-avtala

IA-avtala, eller intensjonsavtala om eit meir inkluderande arbeidsliv (sjå IA-avtala 2010), er ei avtale mellom regjeringa og partane i arbeidslivet for å skapa eit meir inkluderande arbeidsliv. Avtala vart fyrste gong underteikna i 2001. Ei revidert avtale gjaldt for perioden 2010–2013. Hovudmålet var «å førebyggje og redusere sjukefråvær, styrke jobbnærværet og betre arbeidsmiljøet, hindre utstøying og fråfall fra arbeidslivet.»

Dei tre delmåla var i 2010–2013:

- 1 Reduksjon i sjukefråværet med 20 prosent samanlikna med nivået i andre kvartal 2001.

- 2 Auka sysselsetjing av personar med redusert funksjonsevne.

- 3 Yrkesaktivitet etter fylte 50 år forlengjast med seks månader samanlikna med 2009.

Ny avtale gjeld for 2014–2018. Delmål 3 er i den nye avtala endra til: Yrkesaktivitet etter fylte 50 år skal aukast med tolv månader samanlikna med 2009.

NAV har arbeidslivssenter i alle fylke. Disse er ressurs- og kompetansesenter som støttar verksemdene i arbeidet med å nå måla i IA-avtala.

alderspensionistar over 70 år var dette moglege også tidlegare. Desse regelendingane har ført til at det har vorte stadig vanlegare å kombinera arbeid og pensjon i denne aldersgruppa (Bråthen og Grambo 2009, Dahl og Lien 2011). Eit anna tilhøve som nok kan ha medverka til dette, er at det no er store årskull som nærmar seg pensjonsalderen. Dette kan ha ført til ei haldningsendring blant arbeidsgjevarar og arbeidstakarar når det gjeld verdsetjinga av eldre si arbeidskraft. I ei spørjeundersøking Norstat gjennomførte for NAV i mars 2010, svara fire av fem arbeidsgjevarar at dei var svært eller nokså samde i at dei ynskte at medarbeidarane deira skulle halda fram i arbeid så lenge som moglege etter fylte 60 år (NAV 2011).


Med pensjonsreforma i 2011 vart det moglege å ta ut alderspensjon også i aldersgruppa 62–66 år, og denne gruppa kunne dermed også kombinera arbeid og alderspensjon fritt. Det vart òg innført ei ny AFP-ordning i privat sektor. Medan det tidlegare gjaldt strenge avkortingsreglar for kombinasjon av AFP med arbeidsinntekt, kan ein no fritt kombinera ny privat AFP med arbeidsinntekt. Dette gjeld derimot ikkje AFP-mottakarar i offentleg sektor eller mottakarar av den gamle AFP-ordninga i privat sektor (personar som tok ut privat AFP før 2011). Pensjonsreforma har medverka til at meir enn seks av ti alderspensionistar under 67 år kombinerte arbeid og pensjon i 2012 (Dahl og Lien 2013). Den vanlegaste grunngevinga for å ta ut alderspensjon før 67 år, samtidig som ein held fram i arbeid, er ynskje om å nytta godt av pensjonen medan helsa er god (Dahl og Galaasen 2013).

Forventa yrkesaktivitet auka dei to siste åra

I 2013 kunne ein 15-åring rekna med ein yrkeskarriere tilsvarande 31,2 årsverk i arbeidslivet (figur 1). Det er ein oppgang frå 2001 då tilsvarande tal var 29,6 årsverk, men det er en nedgang frå 2008 då sysselsetjinga var på det høgaste. Vi hadde om lag same konjunktursituasjon i 2008 som i 2001. Arbeidsløysa byrja å stige etter å ha nådd eit botnnivå i begge desse åra (Handal og Sørbø 2010). Det er difor sannsynleg at auken i forventa yrkesaktivitet frå 2001 til 2013 – om lag to årsverk – er ei reell endring og ikkje skuldast kortsiktige svingingar. Utviklinga sidan 2008 kjem i stor grad av nedgangskonjunkturen som starta våren 2008. Sidan menn i større grad enn kvinner arbeider i konjunkturutsatte næringar, har yrkesaktiviteten gått meir ned for menn enn for kvinner.


Forventa yrkesaktivitet i 2013 var høgare enn i heile perioden 2001–2007. Auken i yrkesaktivitet har vore større for kvinner enn for menn. Auken frå 2001 til 2013 svarar til ein forlengja yrkeskarriere på om lag 2,2 årsverk for kvinner og 1,1 årsverk for menn. Kvinner kan likevel rekna med å ha sju færre årsverk i arbeidslivet enn menn. Denne skilnaden har berre gått svakt ned frå 2001, då han var litt meir enn åtte årsverk. Noko av denne skilnaden kjem av at kvinner i større grad enn menn er mellombels ute av arbeidslivet som følgje av omsorg for born, særleg i samband med foreldrepermisjon. Skilnaden mellom kvinner og menn i den delen som er sysselsett er temmeleg liten, og hovudårsaka til skilnaden i

Figur 1. Forventa yrkesaktivitet (i årsverk) etter fylte 15 år fordelt på kjønn, 2001–2013. Førrebels tal for 2013



Kjelde: NAV

Figur 2. Prosentdel av folketallet i registrert arbeid etter alder. Utgangen av året.* = aldersstandardiserte tal



Kjelde: NAV

forventa yrkesaktivitet er at det framleis er langt fleire kvinner enn menn som arbeider deltid.

Yrkesaktiviteten for dei under 60 år, sett under eitt, har vore stabil sidan 2008 (figur 2).

Samstundes har det vore ein auke i sysselsetjinga blant personar over 60 år. Det kjem truleg mellom

anna av auka utdanningsnivå blant eldre og jamt veksande sysselsetjing blant kvinner. Som følge av pensjonsreforma har sysselsetjinga dessutan auka særleg mykje for aldersgruppa 62–66 år i perioden 2010 til 2013. Som nemnt vart og avkortinga av alderspensjonen ved arbeid for aldersgruppa 67–69 år avskaffa i perioden 2008–2010, noko som har medverka til auka sysselsetjing for denne gruppa.

Høgare yrkesaktivitet blant dei over 50 år

Delmål 3 i IA-avtala var at gjennomsnittleg periode med yrkesaktivitet etter 50 år skulle forlengjast med 6 månader frå 2009 til 2013. Figur 3 viser eit mål for dette – forventa yrkesaktivitet etter 50 år. Merk at denne indikatoren er basert på sysselsetjinga for heile folket over 50 år, også den delen som hadde slutta i arbeid før 50 år på grunn av arbeidsløyse eller dårleg helse. Skulle vi rekna med berre den delen som framleis var yrkesaktive ved 50 år, ville tala vore høgare.

Ein 50-åring i 2013 kunne venta å vera i arbeid framover tilsvarande 11,3 år med full stilling. Dette er ein auke på 0,4 år frå 2009, og forventa yrkesaktivitet etter 50 år er no høgare enn i alle tidlegare år vi har data for. For 2001 til 2013 svarar auken i yrkesaktivitet blant dei over 50 år til ein auke på 1,7 årsverk per person.

Yrkesaktiviteten har vore jamn eller aukande i kvart einaste år i perioden, også i periodar med stigande arbeidsløyse, slik som i perioden 2002–2003 og i 2009–2010. Auken er størst for kvinner, og det skuldast at dei årskulla kvinner som no passerar 50, har vore meir yrkesaktive gjennom heile yrkeskarrieren sin.


Ei mogleg forklaring på auken er elles at ein stadig større del av folk i denne aldersgruppa har høgare utdanning. Tidlegare granskingar viser at sysselsetjinga blant eldre aukar med utdanningsnivået (Bakken og

Bråthen 2012). At store årskull no er i ferd med å nærma seg pensjonsalderen, kan som tidlegare nemnt dessutan ha ført til ei haldningsendring blant arbeidsgjevarar og arbeidstakarar, slik at både arbeidskraftstilbodet og -etterspurnaden kan ha auka i denne aldersgruppa.

Auken frå 2010 til 2013 har og samanheng med pensjonsreforma og innføringa av nytt pensjonsregelverk frå 2011. Dahl og Lien (2013) viser at reforma førte til ein signifikant auke i sysselsetjinga for personar over 60 år. Nytt med pensjonsreforma var at personar i alderen 62–66 år kunne kombinera arbeid og alderspensjon utan at pensjonen vert redusert. Det er ein klår auke i sysselsetjinga for 62-åringar i 2011, 63–64-åringar i 2012 og 65-åringar i 2013. Det er rimeleg å sjå dette som ein verknad av pensjonsreforma.

For at målet i IA-avtala skulle bli nådd måtte forventa yrkesaktivitet etter 50 år auka til 11,4 år innan 2013. Målet blei ikkje nådd. Det er likevel fem fylke der auken var på minst 0,5 år. Desse er: Rogaland, Troms, Sør-Trøndelag, Sogn og Fjordane og Nordland.

Figur 3. Forventa yrkesaktivitet (i årsverk) etter fylte 50 år fordelt på kjønn, 2001–2013. Førebelse tal for 2013



Kjelde: NAV

Eldre arbeidar lengst i Akershus og kortast i Østfold


Akershus er fylket med høgast yrkesaktivitet blant dei over 50 år, følgt av dei fire vestlandsfylka. Folk i Akershus arbeider i gjennomsnitt 12,3 år på heiltid etter at dei har fylt 50. Finnmark og Østfold er fylka med lågast yrkesaktivitet. 50-åringar kan der rekna med å vera berre 10,1 årsverk i arbeid etter 50 år. Alle fylka har auke i yrkesaktiviteten frå 2009 til 2013. Vi kan til dels forklara den fylkesvise variasjonen med skilnader i næringsstruktur og utdanningsnivå. Akershus er fylket med nest høgast utdanningsnivå (etter Oslo) av folk i aldersgruppa 60–66 år, medan Finnmark og Østfold begge er blant dei fire fylka i landet med lågast utdanningsnivå.⁴

Yrkesaktiviteten har og samanheng med kor mange som i ulike fylke er utanfor arbeidslivet på grunn av helse. Medan 28 prosent av folk i alderen 50–66 år fekk uførepensjon i Østfold ved utgangen av 2013 (fylket med høgast prosentdel), gjaldt dette berre 15 prosent i Akershus (lågast av alle fylka).

Gjennomsnittleg avgangsalder etter næring og yrke

Indikatoren «Forventa yrkesaktivitet» let seg ikkje enkelt fordela på næring eller yrke. For å kunna seie noko om lengda av yrkesaktivt liv blant seniorar i ulike næringer og yrke har vi difor laga ein ny indika-

Figur 4. Forventa yrkesaktivitet (i årsverk) etter fylte 50 år, etter fylke



Kjelde: NAV

⁴ Prosentdel av folkemengda i alderen 60–66 år som i 2012 hadde universitets- eller høgskuleutdanning. Kjelde: SSB, Statistikkbanken tabell 08 921.


tor: Gjennomsnittleg avgangsalder blant personar over 50 år. Den blir rekna ut som gjennomsnittsalderen til dei som var i arbeid eit gitt år (2011), og som ikkje var i arbeid i løpet av dei to neste åra. Sidan vi følgjer personane i to år for å avgjera om dei er ute av arbeidslivet, er 2011 det siste året vi kan gje tal for.

Blant næringane er det offentleg forvaltning, personleg tenesteyting og undervisning som har høgast avgangsal-

der, med over 63 år. Overnattings- og serveringsverksemdar har ein avgangsalder på under 61 år.


Akademiske yrke har ein avgangsalder på om lag 64 år, over eitt år høgare enn høgskoleyrke på andre-plassen. Lågast her er prosess- og maskinoperatørar, transportarbeidarar mv. og handverkarar. Desse yrka har ein avgangsalder på om lag 61 år.

Figur 5. Gjennomsnittleg avgangsalder etter fylte 50 år i 2011, etter næring



Kjelde: NAV

Figur 6. Gjennomsnittleg avgangsalder etter fylte 50 år i 2011, etter yrke



Kjelde: NAV

Forventa pensjoneringsalder

Vi kan rekna ut forventa pensjoneringsalder for ikkje-pensjonerte personar i ulike aldrar. Figur 7 og 8 viser forventa pensjoneringsalder på to alderstrinn: 18 og 50 år for perioden 2001 til 2013.

I 2013 var forventa pensjoneringsalder for ein person på 50 år på 63,0 år, mens den for ein person på 18 år var 60,0 år. Av figur 7 og 8 ser vi at den forventa pensjoneringsalderen for kvinner ved 18 år var knapt eit halvt år lågare enn for menn, men ved 50 år litt høgare. Forventa pensjoneringsalder for kvinner har i alle år før 2011 vore lågare enn for menn. Pensjonsreforma har ført til at forventa pensjoneringsalder for kvinner ved 50 år er blitt høgare enn for menn. Det kjem av at kvinner i langt mindre grad enn menn nyttar seg av høvet til å ta ut alderspensjon før 67 år.

Det var ein sterk auke i forventa pensjoneringsalder i 2004. Dette kom av innføringa av tidsavgrensa uførestønad. Eit hovudmål med denne ordninga var å minka tilgangen til varig uførepensjon.⁵ Det var ein nedgang i forventa pensjoneringsalder på alle aldersnivå i 2010 og 2011. Dette kjem av auka tilgang både til uførepensjon og AFP, og i 2011 også til alderspensjon på grunn av innføringa av fleksibel alderspensjon.

Auken i tilgangen til uførepensjon kjem i stor grad av opphevinga av tidsavgrensa uførestønad. Mange mottakarar av arbeidsavklaringspengar som tidlegare hadde tidsavgrensa uførestønad, har fått uførepensjon.⁶ Dessutan kan det vera at ein del personar som før ville fått tidsavgrensa uførestønad, har fått uførepensjon i staden for arbeidsavklaringspengar. I 2012 og 2013 auka forventa pensjoneringsalder. Først og fremst på grunn av lågare tilgang til uførepensjon på alle aldersnivå, men også på grunn av lågare tilgang til alderspensjon i alder 63–66 år. Tilgangen til alderspensjon i 2011 var ekstra stor sidan fem årskull då fekk høve til å ta ut alderspensjon før fylte 67 år.

Alderspensjon og AFP stod for 0,1 år av auken i

⁵ Ein grundig analyse av TU-ordninga finst i Bragstad (2009).

⁶ For utviklinga i uførepensjonen, sjå Bragstad, Ellingsen og Lindbøl (2012).

forventa pensjoneringsalder frå 2011 til 2013. Minka tilgang til uførepensjon stod for 1,3 år av auken i forventa pensjoneringsalder ved 18 år, og for 0,7 år av auken ved 50 år.

Tilhøva på arbeidsmarknaden påverkar pensjoneringsåtferda. Noreg var inne i ein høgkonjunktur frå 2003/2004 til 2008. Auken i etterspurnad etter arbeidskraft i denne perioden kan ha medverka til å forklara auken i forventa pensjoneringsalder i 2005–2007. Tilsvarande kan minka etterspurnad i 2009–2010 ha medverka til auka uttak av pensjon.


Nokre år klarar ikkje NAV å handsama krava like fort som dei kjem inn, slik at vi får ein auke i saker som ikkje er handsama, og andre år klarar vi å handsama fleire saker enn innkomne krav, slik at auken i talet på pensjonistar blir større enn talet på nye krav. Det er grunn til å tru at auke i talet på krav om uførepensjon som ikkje er handsama er ein medverkande årsak til auken i forventa pensjoneringsalder frå 2004 til 2007, og at auka innsats i sakshandsaminga bidrar til nedgangen frå 2009.

Inntil 2007 blei alderspensjon til pensjonistar i alder 67–69 år avkorta mot arbeidsinntekt. Forventa pensjoneringsalder for dei som ikkje var pensjonert før fylte 67 år var i desse åra 67,3 år. I 2008 blei avkortinga teken bort for 67-åringar og i 2009 og 2010 for 68- og 69-åringar. Verknaden av dette var at forventa pensjoneringsalder for 67-åringar gjekk ned til 67,2 år i 2008 og 67,1 år i 2009. Dette er då også ei medverkande årsak til nedgangen i forventa pensjoneringsalder på alle aldersnivå i 2009 og 2010. Forventa pensjoneringsalder går ned sjølv om fleire over 67 år er i arbeid fordi dei kombinerer arbeid og pensjon. I 2011–2013 har igjen forventa pensjoneringsalder ved 67 år auka til om lag 67,3 år. Det kan vera ein verknad av at nokre nyttar seg av høvet til å få ein høgare årleg pensjon ved å ta ut pensjon seinare enn dei elles ville gjort.

Forventa tid med uttak av pensjon


Ved å sjå på skilnaden i forventa levetid og forventa effektiv pensjoneringsalder ved 50 år, får vi eit anslag over forventa tid som mottakar av pensjon.

Figur 7. Forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år, etter kjønn



Kjelde: NAV

Figur 8. Forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 år, etter kjønn



Kjelde: NAV

Denne har auka monaleg frå 17,6 år i 2001 til 20,2 år i 2013. Auken kjem både av auka forventa levealder og nedgang i forventa effektiv pensjoneringsalder. Auken frå 2001 til 2013 er på om lag 2,5 år. 2 år kjem av auka levealder og 0,5 år av lågare pensjone-


ringesalder. Skilnaden i forventa tid som mottakar av pensjon mellom kvinner og menn var i 2001 4,6 år. I 2013 har den minka til 2,8 år.

Forventa pensjoneringsalder for alderspensjon og AFP

Etter pensjonsreforma, som innførte fleksibel pensjonsalder, er det viktig å følgja med i korleis forventa pensjoneringsalder utviklar seg, når vi avgrensar pensjonsomgrepet til berre å omfatta alderspensjon og AFP. I privat sektor er AFP no eit tillegg til alderspensjonen. I offentlig sektor kan ein velja mellom alderspensjon og AFP dersom ein vil ta ut pensjon før 67 år. Det var ein moderat nedgang i forventa pensjoneringsalder rekna på denne måten, med om lag 0,3 år frå 2001 til 2010. I 2011 blei det mogeleg å ta ut alderspensjon frå 62 år. Mange, særleg menn, nytta seg av dette og vi fekk ein

reduksjon i forventa pensjoneringsalder frå 2010 til 2011 med om lag eitt år. For kvinner var nedgangen berre 0,3 år (4 månader) og for menn 1,7 år. Den store skilnaden mellom kvinner og menn skuldast både at ein større del menn fyller vilkåra for å ta ut pensjon før fylte 67 år, og at kvinner som oppfyller vilkåra i langt mindre grad nyttar seg av ordninga. Frå 2011 til 2012 auka forventa pensjoneringsalder med om lag 0,1 år. Dette kjem av at dei som var i alder 63–66 år hadde kunna ta ut alderspensjon året før, mens det ikkje var slik i 2011. Frå 2012 til 2013 var det ingen endring for begge kjønn samla, men ein liten nedgang på 0,1 år for kvinner og ein tilsvarande auke for menn.

Figur 9. Forventa pensjoneringsalder ved fylte 62 år, etter kjønn. Berre alderspensjon og AFP



Kjelde: NAV

Referansar

- Bakken, Frøydis og Magne Bråthen (2012) «Seniorer i arbeidslivet – hva påvirker beslutningen om å fortsette i jobb?», *Arbeid og velferd*, 4–2012, 38–48
- Bragstad, Torunn (2009) «Tidsbegrenset uførestønad – evaluering fire år etter innføring», NAV-rapport 3–2009, Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet
- Bragstad, Torunn, Jostein Ellingsen og Marianne Lindbøl (2012) «Hvorfor blir det flere uførepensjonister?», *Arbeid og velferd*, 1–2012, 26–39
- Bråthen, Magne og Anne-Cathrine Grambo (2009) «Sysselsettingseffekten av endrede regler for alderspensjon for 67-åringer», *Arbeid og velferd*, 2–2009, 41–47
- Christensen, Arne Magnus, Dennis Fredriksen, Ole Christian Lien og Nils Martin Stølen (2012) «Pension Reform in Norway: Combining Nonfinancial Defined Contribution Schemes and Distributional Goals», i Holzmann, Palmer og Robalino (ed.) «NDC Pension Schemes: Progress and Frontiers in a Changing Pension World», Joint Swedish Social Insurance Agency – World Bank Conference Volume
- Dahl, Espen Steinung og Anders Mølster Galaasen (2013) «I pose og sekk? Hvorfor har så mange valgt å kombinere arbeid og pensjon?», *Arbeid og velferd*, 3–2013, 56–67
- Dahl, Espen Halland og Ole Christian Lien (2013) «Pensjonsreformen – flere eldre i arbeid », *Arbeid og velferd*, 1–2013, 58–71
- Haga, Oddbjørn (2013) «Forventa pensjoneringsalder og yrkesaktivitet», *Arbeid og velferd*, 2–2013, 102–116
- Handal, Jørn og Johannes Sørbø (2010) «Nedgangskonjunktoren til nå – hva skiller denne fra de forrige?», *Arbeid og velferd*, 1–2010, 13–21
- IA-avtala (2010) Intensjonsavtala om et mer inkluderende arbeidsliv Tilgjengelig fra: [http://www.nav.no/Arbeid/Inkluderende+arbeidsliv/Om+IA-av-tala.234 599.cms](http://www.nav.no/Arbeid/Inkluderende+arbeidsliv/Om+IA-av-tala.234%20599.cms)
- NAV (2011) Flere kombinerer pensjon og arbeid Tilgjengelig fra: [http://www.nav.no/Om+NAV/Tall+og+analyse/Analyser/Arbeid+og+velferd/Arbeid+og+velferd/Flere+kombinerer+pensjon+og+arbeid.279 477.cms](http://www.nav.no/Om+NAV/Tall+og+analyse/Analyser/Arbeid+og+velferd/Arbeid+og+velferd/Flere+kombinerer+pensjon+og+arbeid.279%20477.cms) (Hentet 16.04.2012)